# Nyhetsbrev

## Nr. 2 – 2018 April

Klepp Rekneskapslag
– økonomi og utvikling i jærsk ånd

## ROGALANDSLANDBRUKET STÅR SAMLA I ARBEIDET MED FORSLAG TIL NYE GJØDSELKRAV

*Landbruksnæringa i Rogaland står samla om å møta forslaga til nye gjødselkrav på ein offensiv måte. Ein vil arbeida både politisk og fagleg, og skaffa til veie kunnskap frå vårt område. Dette er ei sak som gjeld heile verdiskapinga frå primærleddet til næringsmiddelindustrien i fylket.*

Vi deltok saman med representantantar frå private bedrifter, samvirkeforetak, faglaga, Bondelaget og Fylkesmannen, på møte om utfordringane forslaget til nye gjødselkrav skaper for Rogalandslandbruket. NLR Rogaland hadde tatt initiativ til møte. Dei godt 30 deltakarane ga uttrykk for at ein skal finna ein veg framover, og at ein står samla i denne saka. Ein vil arbeida for å skaffa faktisk kunnskap, og politikken og faget vil arbeida saman i denne saka.

Etter møtet vil det bli etablert ei gruppe som drar i trådane i arbeidet vidare.

**Usikkert kva tid forskrifta kjem**
Forslaga frå Landbruksdirektoratet og Miljøverndirektoratet ligg til grunn for utarbeiding av ny forskrift om gjødselvare. Så langt er det ikkje klarlagt kva tid forskifta kjem på høyring. Dette gjer at ein vert usikker og bekymra.

**Kva har Rogalandslandbruket alt gjort?**
Det er arbeidd målretta for å redusera forureininga i området vårt over mange år.
FKRA tar unna om lag 25.000 daa spreiareal ved å produsera HELgjødsel av hønsegjødsel. I tillegg er ein i gang med å testa ulike fytase-enzym for å utnytta fosfor i kraftfôr på ein betre måte. I samarbeid med bedriftene søker NIBIO midlar for å utvikla gjødsla til nye produkt, då saman med blå sektor. Det målretta arbeidet med miljøvennleg spreiing av husdyrgjødsel gir også resultat saman med målretta rådgiving og utviklingsarbeid for å nytta gjødsla på ein optimal måte.

**Spreieareal**
Det er foreslått ei skjerping av spreiearealet. Innstillinga er todelt, der Landbruksdirektoratet sitt forslag er maksimal tilført mengde fosfor på 3 kg/da, eller 5 da/GDE (gjødseldyreining) innan 5-7 år. Dei innstiller på ytterlegare skjerping 10 år deretter til 2,5 kg P/da. Miljøverndirektoratet går inn for eit tak på 2,1 kg P/da. Dette svarer til 7 da/GDE.

**Avlingsnivå, nitrogen og kvalitet**
Utkastet forutset ei grasavling på 500 kg ts/da. Dette er eit lågt nivå hos oss, der ein kan dokumentera langt høgare tal. Eit perspektiv er også kva redusert nitrogengjødsling vil gjera med avlingsnivå og kvalitet på graset.

**Beite**
Forslaget legg opp til at det skal berre vera lovleg å spreia mineralgjødsel på godkjent spreieareal. Det er vanskeleg å sjå fagleg grunngiving for det. For Rogaland sin del vil det seia at 300.000 daa ikkje kan gjødslast.



## FORMUESSKATT OG VERDISETTINGS-RABATT PÅ ARBEIDENDE KAPITAL

For 2017 er det innført 10 % verdsettingsrabatt på såkalt «arbeidende kapital» ved beregningen av skatte-pliktig formue. For 2018 vil rabatten stige til 20 %.

Verdsettingsrabatten omfatter aksjer og driftsmidler og vil gjelde blant annet:

- Aksjer og aksjefond
- Aksjedel av eventuell aksjesparekonto
- Andel av formue i selskap med deltaker-fastsetting
- Maskiner, redskaper og inventar
- Næringsbiler
- Jord- og skogbrukseiendommer

Fradraget for gjeld blir redusert forholdsmessig mellom verdien av eiendeler med verdsettingsrabatt og verdien av den samlede formue.

## KOMMUNALE UTGIFTER – BETALER DU FOR MYE?

De siste åra har en del av våre medlemmer avviklet aktiv drift på eget bruk der husdyrhold blir avviklet og jorda leid bort til naboer.

I en slik situasjon vil en ha mulighet for å få redusert de kommunale avgiftene (vann, renovasjon m.v) som skal betales. Ordningene kan være litt ulike i ulike kommuner, men dersom drifta er avviklet eller sterkt redusert vil vi rå til at du tar kontakt med kommunen og sjekker at du har rett nivå på de kommunale avgiftene. Vi har erfaring for at dersom kommunen ikke hører noe kan en bli stående på en altfor høy tariff.

## FRIST 2 MND. MVA

| Termin | Frist levering bilag til oss |
|---|---|
| 1 | 15. mars |
| **2** | **15. mai** |
| 3 | 5. august |

## VIKTIGE TIDSFRISTER

- 31. mai: Selvangivelse for næringsdrivende og for personer med næringsdrivende ektefelle.

- 31. mai: Frist for innbetaling av tilleggsfor-skudd (restskatt eller deler av denne).

Det er viktig å merke seg at selvangivelser må sendes inn (godkjennes) i følgende tilfeller:

- Lønnsmottakere med utleieforhold (utleie av jord, bolig mm).
- Dersom man har fått tilsendt selvangivelse for næringsdrivende.

Sistnevnte tilfelle kan oppstå i overgangen fra å være næringsdrivende til å bli pensjonist eller «vanlig» lønnsmottaker.

## PERSONALNYTT



Ingvild Skretting
Er tilbake fra permisjon og hun jobber 80 % stilling.

Velkommen tilbake Ingvild ☺



Magnar Møller
Magnar har hjulpet oss i årsoppgjøret dette året, og fra høsten vil han fortsette fast i en 80 % stilling hos oss.

Velkommen tilbake Magnar ☺

Følg oss på Facebook